
Sentralstyre og legepresident for retten i Tyrkia

LEDER

MARIT HALONEN CHRISTIANSEN

marithc@me.com

Marit Halonen Christiansen er spesialist i fødselshjelp og kvinnesjukdommar og er avdelingssjef ved Kvinneklinikken, Stavanger universitetssjukehus. Ho er leiar av Menneskerettsutvalet i Den norske legeforening.

Forfattaren har fylt ut ICMJE-skjemaet og oppgir følgjande interessekonfliktar: Ho er leiar av Menneskerettsutvalet i Den norske legeforening. Legeforeningen refunderer reisa til Tyrkia, men vervet er ikkje betalt.

Den norske legeforening har sidan 1990-talet samarbeida med den tyrkiske legeforeninga om menneskerettar. Tidlegare var arbeidet sentrert rundt tilhøva i tyrkiske fengsel, no er det presidenten og sentralstyret i foreninga som treng støtte.

Sentralstyret i den tyrkiske legeforeninga er kollektivt tiltalt for å propagandere for terrorverksemd. Presidenten, Şebnem Korur Fincancı, er dømt til to år og åtte månader fengsel, og dom i ankesaka er venta å kome i desse dagar.

Den tyrkiske legeforeninga sitt sentralstyre med presidenten møtte 10. november i retten i Ankara (1). Det samla klagemålet mot dei var at dei har drive propaganda for eit prokurdisk parti. I ei anna rettssak er presidenten skulda for propaganda for ei terrorverksemd, då ho som rettsmedisinar har uttalt seg til ein tysk TV-kanal om bruken av kjemiske våpen mot kurdarar i Nord-Tyrkia. Denne saka er framleis ikkje avgjort.

Desse to sakene blandast no saman til ei kompleks og uforståeleg suppe. Det antatte målet er å innsette eit nytt styre som er regimetru. Det er omtrent som om vår president Anne-Karin Rime skulle ha fått ein klage på jobben som

anestesilege og helseminister Ingvild Kjerkholt dermed avsette sentralstyret i Legeforeningen og sette inn eit arbeidartipartivenleg styre.

«Det antatte målet er å innsette eit nytt styre som er regimetru»

Saka mot den tyrkiske legepresidenten har vore gjennom mange rundar i rettsapparatet. Internasjonale aktørar som World Medical Association (WMA) og Standing Committee of European Doctors (CPME) har vore til stades som støtte – trass i at rettsmøta blir lagt til datoar som vesle julaften og i påsken. 10. november var òg dato for generalforsamlinga til CPME. Eg reiste derfor ned som einsleg representant for både den europeiske og verdas legeforening og Menneskerettsutvalet i Legeforeningen.

Rettssaka kom og gjekk – dommaren utsette til 30. november.

Den tyrkiske legeforeninga har i årevis engasjert seg for menneskerettar. På eit vis gjer dei fleste legar det, vi står opp for pasientane våre og forsøker å hjelpe dei til å oppfylle retten til liv, til arbeid og til helse. Vi som er legar i Noreg, kan gjere det fordi vi har den fundamentale retten til ytringsfridom. Tyrkia har dei siste åra flytta seg vekk frå det demokratiske grunnprinsippet om maktdeling mellom den dømande, den øvande og den lovgjevande makta og har i aukande grad ei sentral makt.

Den 8. november i år var ein merkedag. Då overprøvde ein lågare tyrkisk domstol ein høgsterettsdom. Ein fengsla parlamentarisk frå eit opposisjonsparti fekk medhald frå den konstitusjonelle domstolen i at han har immunitet som parlamentarisk, medan den lågare domstolen, som var lojal mot president Erdoğan, forkasta dette og sette til side dommen (2).

Rettstryggleik blir i så måte eit ord utan innhald.

Tyrkia opplever aukande vald i samfunnet. Våpenbruk på sjukehus er òg aukande, og fleire legar har blitt drepne av pasientar og pårørande (3). Når dette er kvardagen, og ein heller ikkje har rettstryggleik – ja, då er det ikkje vanskeleg å skjønne at ein søker seg vekk. Tyrkiske yngre legar vel i stadig oftare å reise frå Tyrkia. Dei ber legeforeninga si om eit *letter of good standing* og etablerer seg i andre land, gjerne i Europa (4). Og Europa treng sjølv sagt legar.

Så kvifor engasjerer Den norske legeforening seg i dette, både gjennom dei internasjonale samskipnadane, og no direkte? Tyrkia er eit land mange har eit forhold til. Det er eit land vi samarbeider med, eit NATO-land – og eit demokrati. Ei autonom legeforening er ein føresetnad for at vi som legar kan stå opp for pasienttryggleik, trygge arbeidstilhøve og fagleg forsvarleg drift. Verdask legeforening vedtok på førre møte ein resolusjon om å ikkje arrangere kongressar i land der legar ikkje har ytringsfridom (5). Dette er eit punkt å hugse på i ei globalisert verd der demokratiet er trua fleire stader. Lat oss håpe den tyrkiske legeforeninga lukkast i sin kamp, så Tyrkia slepp å hamne på den lista.

REFERENCES

1. Bakke OJ. Når brudd på maktfordelingsprinsippet truer vår profesjon. Tidsskr Nor Legeforen 2023; 143. doi: 10.4045/tidsskr.23.0246. [PubMed]

[CrossRef]

2. Turkish Minute. Judicial crisis unabated: pro-gov't daily targets top judges as appeals court doubles down on defiance. Turkish Minute 11.11.2023. <https://www.turkishminute.com/2023/11/11/judicial-crisis-unabated-pro-govt-daily-target-top-judge-as-appeals-court-doubles-down-on-defiance/> Lest 14.11.2023.
 3. Dyer O. Doctors in Turkey strike after murder of cardiologist. BMJ 2022; 378: o1768. [PubMed][CrossRef]
 4. Duvar English. Turkish Medical Association condemns Health Minister for 'money' insinuation. Duvar English 11.11.2023. <https://www.duvarenglish.com/turkish-medical-association-condemns-health-minister-for-money-insinuation-news-63305> Lest 24.11.2023.
 5. WMA. WMA Resolution on international medical meetings in countries persecuting physicians against medical ethics and human rights standards. <https://www.wma.net/policies-post/wma-resolution-on-international-medical-meetings-in-countries-persecuting-physicians-against-medical-ethics-and-human-rights-standards/> Lest 11.11.2023.
-

Publisert: 28. november 2023. Tidsskr Nor Legeforen. DOI: 10.4045/tidsskr.23.0802
Opphavsrett: © Tidsskriftet 2026 Lastet ned fra tidsskriftet.no 17. februar 2026.